



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK

Plan- og kommunalteknisk utval



Møtedato: 12.03.2025
Møtetid: 11:30 - -17:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Herdis Helle	Leiar	AP
Johannes Haugland	Nestleiar	SP
Kari Laurhammer Mjøs	Medlem	KRF
Johannes O Borge	Medlem	H
Ruben Nielsen	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
-------------	--------------	--------------

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
-------------	-----------------	--------------

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Aleksander Bergli
Arnstein Øvsthus
Tore Johan Erstad

Ekstra informasjon til møte:

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Tittel	Unntak frå innsyn
EV 1/25	Synfaring Gbnr 135/12II	
RS 2/25	Orientering frå Vestland fylkeskommune 12:30-13:30	
PS 14/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 15/25	Godkjenning av møtebok 04.02.2025	
PS 16/25	Referatsaker og meldinger	
RS 3/25	Delegerte vedtak - orientering til plan og kommunalteknisk utval - til møte 12.03.2025	
RS 4/25	KPA -Status	
RS 5/25	145/136, 145/147, 145/148 - Vedtak - omgjort til avslag - dispensasjon plankrav, utnyttelsesgrad og parkering - settestatsforvalter - byggesak - Åsen 56-64 - oppføring boligbygg med åtte boenheter	
RS 6/25	84/25 - Vedtak - omgjør til avslag - dispensasjon LNF og byggeforbudet i strandsonen - settestatsforvalter - byggesak - fasadeendring og tilbygg til fritidsbustad - legging av VA-leidningar	
RS 7/25	Orientering til eierkommunene om ny ordning for tekstilavfall	
PS 17/25	Gbnr 135/12 - Søknad om arealoverføring - handsaming av klage	
PS 18/25	96/17 - Søknad om forlenga dispensasjon - mellombels lagerhall	
PS 19/25	109/3 Heimvika - Søknad om dispensasjon for oppføring av påbygg og tilbygg til fritidsbustad	
PS 20/25	Politisk avklaring av planinitiativ - Detaljregulering av massedeponi på Hartveit	
PS 21/25	Forslag om å endre forskrift om minsteareal for hjort 2025	
PS 22/25	Gbnr 15/39 Hatland - Søknad om dispensasjon for oppføring av lagerhall - Handsaming av klage	
PS 23/25	Holmane næring - PlanID 46302013004 - Endring av reguleringsføresegn - 1. gongs handsaming	

PS 24/25 Planprogram for kommunedelplan for vassforsyning og avlaup med med vassmiljø. Vedtak etter høyring.

PS 25/25 Andre saker/spørsmål

Herdis HelleUtvalsleiar

EV 1/25 Synfaring Gbnr 135/12II

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 1/2025
Synfaring Gbnr 135/12II:

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 1/2025 Synfaring
Gbnr 135/12II:

RS 2/25 Orientering frå Vestland fylkeskommune 12:30-13:30

PS 14/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 14/2025
Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vart godkjend

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 14/2025
Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vart godkjend

PS 15/25 Godkjenning av møtebok 04.02.2025

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 15/2025
Godkjenning av møtebok 04.02.2025:

Møtebok vart samrøystes godkjend

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 15/2025
Godkjenning av møtebok 04.02.2025:

Møtebok vart godkjend

PS 16/25 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 16/2025
Referatsaker og meldinger:

Referatsaker teken til vitande

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 16/2025
Referatsaker og meldinger:

Teken til vitande

PS 17/25 Gbnr 135/12 - Søknad om arealoverføring - handsaming av klage

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 17/2025
Gbnr 135/12 - Søknad om arealoverføring - handsaming av klage:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen sitt vedtak av 10/12/2024 saknr. 324/24 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje. Saka vert send Statsforvaltaren i Vestland for vidare handsaming, jf. plan- og bygningslova 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 10/12/2024 saknr. 324/24 skal endrast.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Framlegg til vedtak frå Ruben Nielsen (Frp):

Klagen vert teken til følge. Det vert gjeve løyve til arealoverføring av om lag 877 m2 frå GBNR 135/12 til GBNR 135112 som omsøkt.

Grunngjeving:

Så vidt me kjenner til har Osterøy kommune ingen vedtekne mål korkje i plan eller andre dokument som seier at ei bustadtomt i LNF-spreidd skal være 1000 m2. Området er idag regulert som LNF- Spreidd, og det er dermed opna for å nytte dette området til bustadbygging. Omsøkte tiltak er for å kunne få til ei nokonlunde fornuftig plassering av ein garasje knytt til bustaden på 135/112. BNR 112 har ei arrondering som føl terrenget godt, men samstundes gjer at det er komplisert å få til ei plassering av ein garasje på arealet. Tomta er smal, som gjer at det er vanskeleg å oppretthalde forskriftsmessig avstand til nabogrenser. Det er og høgspenlinje over tomta som sperrer areal for bygging. Mykje av tomtearealet er smalt og ligg omkring tilkomstveg. Det omsøkte arealet ligg skrint til, og arealet som er omsøkt er ein inneklemmt rest av BNR 12. Dette er klemmt mellom bnr 112, BNR 33 og den kommunale vegen. Området har ei arrondering som gjer det ueigna til jordbruksdrift i dag. Ved å gje løyve som omsøkt, får ein samstundes ordna opp i inneklemde småteigar som me veit er ei kjelde til konflikter. Sidan arealet allereie er avsett til LNF- spreidd, er ser me ikkje noko problem med å gje dette løyvet. Etter ei samla vurdering er dermed fordelene større enn ulempene med å gje løyvet.

Stemmemerknad frå Herdis Helle (Ap):

Mindretalet er samd med store deler av fleirtalet si grunngjeving, men røystar likevel mot å gje klagen medhald. Bakgrunnen er at mindretalet vurderer at det omsøkte arealet er noko for stort. Det burde heller vore delt i to, og det resterande arealet tilført nabotomten med hytte for å styrke kvaliteten på dette til ei eventuell framtidig bustadtomt

Votering:

Framlegg til vedtak frå Ruben Nielsen (Frp) vart satt opp mot kommunedirektøren sitt.

Ruben Nielsen (Frp) framlegg vart vedteke med 4 røyster(H,Krf, Sp, Frp) for og 1 røyst mot (Ap).

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 17/2025 Gbnr 135/12 - Søkna om arealoverføring - handsaming av klage:

Klagen vert teken til følge. Det vert gjeve løyve til arealoverføring av om lag 877 m2 frå GBNR 135/12 til GBNR 135112 som omsøkt.

Grunngjeving:

Så vidt me kjenner til har Osterøy kommune ingen vedtekne mål korkje i plan eller andre dokument som seier at ei bustadtomt i LNF-spreidd skal være 1000 m2. Området er idag regulert som LNF- Spreidd, og det er dermed opna for å nytte dette området til bustadbygging. Omsøkte tiltak er for å kunne få til ei nokonlunde fornuftig plassering av ein garasje knytt til bustaden på 135/112. BNR 112 har ei arrondering som følgjer terrenget godt, men samstundes gjer at det er komplisert å få til ei plassering av ein garasje på arealet. Tomta er smal, som gjer at det er vanskeleg å oppretthalde forskriftsmessig avstand til nabogrenser. Det er og høgspenningelinje over tomten som sperrer areal for bygging. Mykje av tomtearealet er smalt og ligg omkring tilkomstveg. Det omsøkte arealet ligg skrint til, og arealet som er omsøkt er ein inneklemt rest av BNR 12. Dette er klemt mellom bnr 112, BNR 33 og den kommunale vegen. Området har ei arrondering som gjer det ueigna til jordbruksdrift i dag. Ved å gje løyve som omsøkt, får ein samstundes ordna opp i inneklemd småteigar som me veit er ei kjelde til konflikter. Sidan arealet allereie er avsett til LNF- spreidd, er ser me ikkje noko problem med å gje dette løyvet. Etter ei samla vurdering er dermed fordelene større enn ulempene med å gje løyvet.

PS 18/25 96/17 - Søknad om forlenga dispensasjon - mellombels lagerhall

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 18/2025 96/17 - Søknad om forlenga dispensasjon - mellombels lagerhall:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen endrar vilkår i dispensasjonsløyve av 13.05.2020 saksnr. 045/20 og gjev forlenga dispensasjon til mellombels oppføring av lagerhall på gnr. 96 bnr. 17 for inntil 5 nye år frå 13.05.2025, jf. plan- og bygningslova § 19-3.

Elles gjeld dispensasjonsløyve av 13.05.2020 saksnr. 045/20 og alle vilkår skal tilfredsstillast."

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 18/2025 96/17 - Søknad om forlenga dispensasjon - mellombels lagerhall:

"Kommunen endrar vilkår i dispensasjonsløyve av 13.05.2020 saksnr. 045/20 og gjev forlenga dispensasjon til mellombels oppføring av lagerhall på gnr. 96 bnr. 17 for inntil 5 nye år frå 13.05.2025, jf. plan- og bygningslova § 19-3.

Elles gjeld dispensasjonsløyve av 13.05.2020 saksnr. 045/20 og alle vilkår skal tilfredsstillast."

PS 19/25 109/3 Heimvika - Søknad om dispensasjon for oppføring av påbygg og tilbygg til fritidsbustad

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 19/2025 109/3 Heimvika - Søknad om dispensasjon for oppføring av påbygg og tilbygg til fritidsbustad:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 og 11-9 nr. 5 til oppføring av påbygg og tilbygg til eksisterande fritidsbustad på gnr. 109 bnr. 3, jf. plan- og bygningslova § 19-2 på fylgjande vilkår:

Før søknad om tiltak kan handsamast må det sendast inn fagkunnig vurdering om fare for skred i bratt terreng og eventuell trong om sikringstiltak, jf. forskrift om byggesak § 5-4 tredje ledd bokstav g, jf. pbl. § 28-1"

Grunngjeving

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

Framlegg til vedtak frå Ruben Nielsen (Frp):

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 og 11-9 nr. 5 til oppføring av påbygg og tilbygg til eksisterande fritidsbustad på gnr. 109 bnr. 3, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving. det er eksisterande fritidsbustad på området idag, og det er berre søkt om mindre tiltak. difor framstår det uforholdsmessig å forlange ei skredfarevurdering før et tilbygg kan godkjennast. Tiltaket fører ikkje til auka bruk av eigedomen, berre betra komfort. Å seie nei til tiltaket vil ikkje føre til at det ikkje oppheld seg personer i eksisterande fritidsbustad.

Votering:

Framlegg til vedtak frå Ruben Nielsen (Frp) vart satt opp mot kommunedirektøren sitt.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 4 røyster (H,Krf, Sp, Ap) for og 1 røyst mot (Frp).

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 19/2025 109/3
Heimvika - Søknad om dispensasjon for oppføring av påbygg og tilbygg til
fritidsbustad:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 og 11-9 nr. 5 til oppføring av påbygg og tilbygg til eksisterande fritidsbustad på gnr. 109 bnr. 3, jf. plan- og bygningslova § 19-2 på fylgjande vilkår:

Før søknad om tiltak kan handsamast må det sendast inn fagkunnig vurdering om fare for skred i bratt terreng og eventuell trong om sikringstiltak, jf. forskrift om byggesak § 5-4 tredje ledd bokstav g, jf. pbl. § 28-1"

Grunngjeving

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

PS 20/25 Politisk avklaring av planinitiativ - Detaljregulering av massedeponi på Hartveit

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 20/2025
Politisk avklaring av planinitiativ - Detaljregulering av massedeponi på Hartveit:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Planinitiativ for detaljregulering for massedeponi /masseuttak på Hartveit vert avvist.

Framlegg til vedtak frå Johannes Borge (H):

Saka blir utsett for synfaring.

Votering:

Johannes Borge (H) sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 20/2025 Politisk
avklaring av planinitiativ - Detaljregulering av massedeponi på Hartveit:

Saka blir utsett for synfaring.

PS 21/25 Forslag om å endre forskrift om minsteareal for hjort 2025

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 21/2025

Forslag om å endre forskrift om minsteareal for hjort 2025:

Før saka skal behandlast, ønskjer Johannes Borge (H) å få vurdert si gildskap.

Johannes Borge (H) forlet møtet.

Johannes Borge (H) vart samrøystes vurdert gild.

Johannes Borge (H) kjem inn i møtet att.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forskrift om minsteareal for hjort, Osterøy kommune, Vestland §2 vert endra til følgjande:

1. Minstearealet for hjort vert fastsett til 200 daa for valda 16 og 17.
2. Minstearealet for hjort vert sett til 1000 daa for valda 27, 28 og 29.
3. Minstearealet for øvrige vald vert sett til 400 daa.

Framlegg til vedtak frå Johannes Borge (H):

Forskrift om minsteareal for hjort, Osterøy kommune, Vestland §2 vert endra til følgjande:

1. Minstearealet for hjort vert fastsett til 200 daa for valda 16 og 17.
2. Minstearealet for hjort vert sett til 1000 daa for valda 27, 28 og 29.
3. Minstearealet for øvrige vald vert sett til 300 daa.

Det vert satt som mål at avskytinga skal være over 85% for å sikre ei styrt forvaltning. Om resultatet av jakta 2025 visar ein avskytingsprosent under 85% skal saka opp til ny vurdering.

Framlegg til vedtak frå Frp, Sp og Ap

Forskrift om minsteareal for hjort i Osterøy kommune, § 2 vert endra til følgjande:

1. Minstearealet for hjort vert fastsett til 135 daa for valda 16 Mjeldalen, 17 Rolland og Omland, 45 Hartveit-Vedå og 48 Lidtun-Skjerping-Tveiterås.
2. Minstearealet for hjort vert fastsett til 200 daa for valda 1 Raknes -Dale, 2 Birkeland-Tepstad-Mjelstad, 6 Hamre-Eikeland-Skår-Kvamme, 9 Edvardsdal-Røskeland, 18 Vikne-Kvisti-

Hundhammer, 42 Åsen, 43 Lonevåg, 52 Haugegrend-Rongved, 53 Hamrenesvegen, 55 Vestre Kleppe 2, og 56 Kallekleiv 2.

3. Minstearealet for hjort vert sett til 1500 daa for valda 25 Hagenes, 26 Heimvik, 27 Kleiveland, 28 Tysse, 29 Tyssebotn og 37 Vare.

4. Minstearealet for resten av valda i kommune vert sett til 400 daa.

Endringa gjeld frå 15. mars 2025

Grunngjeving:

Sist denne forskrifta vart endra, vart det gjort grep for å få sett i gang tiltak som kunne medverke til å få redusert hjortestamma i kommunen til eit berekraftig nivå og som førte til mindre arealbrukskonfliktar mellom hjorten og skog- og landbruksnæringa. Tiltaka skulle også sikre at vinterstamma kom ned mot det vedtekne målet på 1100 dyr.

I 2024 engasjerte Osterøy kommune NINA for å lage ein rapport om hjort i kommunen. Rapporten tyder på hjortestamma i kommunen framleis er godt over det fastsette målet i gjeldande forvaltningsplan. Det syner at det framleis er naudsynt med høgt jakttrykk.

Eit stort tal hjortepåkøyringar (11 stk i 2024)og låg slaktevekt trekkjer i same lei

Gjennomsnittleg slaktevekt frå 2019 til og med 2024 viser ein reduksjon i slaktevekt for alle kategoriar. I den gjeldande forvaltningsplanen står det at «Ein aukande bestandstettleik fører til auka belastning på sommar- og vinterbeita, som igjen fører til vektreduksjon. Reduserte vektorer fører til redusert produktivitet hos yngre dyr. Forsking viser at halvparten av årskollene blir drektig dersom slaktevekta er 50 kilo. Nokre av desse kollene blir verande små. Og det er slik at små koller føder større del med ho kalv enn større koller. Små koller er derfor med på å forsterke den allereie skeive kjønns-samansetninga.» Forvaltningplanen synte i 22 til ein konstatert vektreduksjon. Oppdatert statistikk tyder på at denne reduksjonen held fram.

Gjennomsnittslaktevektar per år (tall i kg)												
	Hannkalv		Hunnkalv		Bukk 1 ½ år		Kolle 1 ½ år		Bukk 2 ½ år og eldre		Kolle 2 ½ år og eldre	
Jaktår	Gjennomsnit	Antall	Gjennomsnit	Antall	Gjennom	Antall	Gjennoms	Antall	Gjennomsnit	Antall	Gjennomsnittsv	
2019	28,82	44	27,48	29	49,77	65	44,38	47	83,92	37	59,27	
2020	27,6	63	26,84	44	49,99	73	44,47	64	86,13	60	56,81	
2021	26,02	53	25,55	62	49,17	78	44,44	78	80,64	47	55,26	
2022	26,35	98	25,8	75	48,46	84	43,98	99	79,31	75	58,51	
2023	26,87	97	25,52	85	47,29	95	42,33	102	78,58	79	56,47	
2024	25,97	100	25,18	73	47,37	57	42,91	68	75,66	50	55,53	

Differensiert minsteareal

Fellingsrapportar og fellingsprosent gjev ein god indikasjon på korleis stoda er i dei ulike valda. Dette sett i samanheng med innsende høyringssvar gjev eit godt grunnlag for å ta stilling til korleis tildelinga bør være framover.

Minstearealet vert på den bakgrunnen differensiert i fire ulike minsteareal. Dette vert gjort for å sikre eit framleis høgt jakttrykk der fellingsprosenten er høg, medan område med

lågare fellingsprosent får redusert jakttrykk. Dette er eit tiltak for å motverke at vidare reduksjon av bestanden leier til dårlegare bestandssamansetning.

For sone 1, som gjeld valda frå Mjeldalen, med ei grense i sør og aust mot fjellrekka Hæddena, , Hoklane, vidare over Havrådalen og Vindstallane, Såtefjellet over Vedåfjellet og til Storavatnet er det sett eit minsteareal på 135 daa. For nokre vald (16 og 17) representerer dette ein auke og for andre (45 og 48) representerer det ein reduksjon. Sams for valda er at dei har mykje landbruksjord som er halden godt i hevd og som har store beiteskader. Innmarka i dette området grensar for ein stor del mot skog og store fjellområde. Derifrå trekkjer hjorten ned mot innmarka i skjul av skogen. Skogsskadane er også store. Fellingsprosenten i valda er og har vore høg. For fleire av dei over 100%

For sone 2 vert minsteareal sett til 200 daa. Desse valda er spreidd litt kring i kommunen. Det som dei har sams er at dei har hatt ein fellingsprosent over 90 i anten 23 eller 24. Med så høg avskyting er det naturleg å halde jakttrykket oppe til ein får fallande fellingsprosent som kan indikere færre dyr i terrenget. Høyringsinnspel frå desse valda tyder på vesentlege avlingsskader/-tap i område med mykje aktiv landbruksdrift.

Felles for vald i sone 3 er at det er område med låg avskyting og relativt store areal. Det er låg del aktiv jordbruksdrift i sone 3. Det er difor naturleg å endre desse for å gje meir treffsikker tildeling og ein betre fellingsprosent. Alle desse valda grensar til ein annan og er i same geografiske område.

I Sone 4, som er resten av kommunen, vert minstearealet sett til 400 daa. Det vil gje vald som i dag har for låg fellingsprosent høve til å få ei meir treffsikker avskyting i og betre grunnlag for uttak i tråd med forvaltingsmåla.

Denne endringa er i tråd med gjeldande forvaltingsplan og sikrar at forvaltingsmåla vert oppnådd i høgare grad enn det som har vore tilfelle etter den gamle forskrifta. Den sikrar at valda får ei jakttildeling som gjer at dei har høve til å kunne oppnå fastsette fellingsmål. Det sikrar også ein akseptabel fellingsprosent, både samla og pr vald, i kommunen.

Etter forskrift om hjorteviltforvalting §7 skal 50 % regelen nyttast ved behov for justering utover det lokal forskrift her slår fast. Vi legg til grunn at det vil kunne verte særskilt aktuelt å treffe vedtak etter denne regelen for Mjeldalen, som no får arealet kraftig redusert, trass avskyting over 100 %.

Andre tiltak for betre bestandssamansetning.

For vald utan godkjente bestandsplanar er det sentralt at kommunedirektøren, vurderer uttak av kjønns- og alderskategoriar. Til dømes kor mykje valda skal få felle av dei beste avlsdyra, til dømes eldre hanndyr. Valda bør oppmodast til å ta ut dei dårlegaste dyra (skrapdyr) først. Kommunedirektøren bør også vurdere om ordninga med kvotefri jakt på kalv skal vidareførast i 2025. I fleire høyringssvar er det tatt til orde for at fri kalveskyting no bør opphøyre.

Tiltak fram mot neste forvaltningsplan

Før mot neste forvaltningsplan er det ynskeleg å få ein tilleggsrapport frå NINA for å sikre oppdatert kunnskap om hjortebestanden og samansetninga av den.

Det er også ynskjeleg at kommunedirektøren vurderer å setje av pengar frå viltfondet til kartlegging av beiteskadar på skog og innmark i ulike område. Til dømes kan det kjøpast inn anleggsgjerde og be bønder i ulike område om å gjerde inn noko av dyrka marka og nokre plantefelt, for å få dokumentert skilnaden på skader frå område med og utan gjerde.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk ingen røyster.

Framlegg til vedtak frå Johannes Borge (H) vart satt opp mot fellesforslaget frå Frp, Sp og Ap

Fellesforslaget frå Frp, Sp og Ap vart vedteke med 3 røyster (Sp, Frp, Ap) for og 2 røyst mot (H, Krf).

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 21/2025 Forslag om å endre forskrift om minsteareal for hjort 2025:

Forskrift om minsteareal for hjort i Osterøy kommune, § 2 vert endra til følgjande:

- 1. Minstearealet for hjort vert fastsett til 135 daa for valda 16 Mjeldalen, 17 Rolland og Omland, 45 Hartveit-Vedå og 48 Lidtun-Skjerping-Tveiterås.**
- 2. Minstearealet for hjort vert fastsett til 200 daa for valda 1 Raknes -Dale, 2 Birkeland-Tepstad-Mjelstad, 6 Hamre-Eikeland-Skår-Kvamme, 9 Edvardsdal-Røskeland, 18 Vikne-Kvisti-Hundhammer, 42 Åsen, 43 Lonevåg, 52 Haugegrend-Rongved, 53 Hamrenesvegen, 55 Vestre Kleppe 2, og 56 Kallekleiv 2.**
- 3. Minstearealet for hjort vert sett til 1500 daa for valda 25 Hagenes, 26 Heimvik, 27 Kleiveland, 28 Tysse, 29 Tyssebotn og 37 Vare.**
- 4. Minstearealet for resten av valda i kommune vert sett til 400 daa.**

Endringa gjeld frå 15. mars 2025

Grunngjeving:

Sist denne forskrifta vart endra, vart det gjort grep for å få sett i gang tiltak som kunne medverke til å få redusert hjortestamma i kommunen til eit berekraftig nivå og som førte til mindre arealbrukskonfliktar mellom hjorten og skog- og landbruksnæringa. Tiltaka skulle også sikre at vinterstamma kom ned mot det vedtekne målet på 1100 dyr.

I 2024 engasjerte Osterøy kommune NINA for å lage ein rapport om hjort i kommunen. Rapporten tyder på hjortestamma i kommunen framleis er godt over det fastsette målet i gjeldande forvaltningsplan. Det syner at det framleis er naudsynt med høgt jakttrykk.

Eit stort tal hjortepåkøyringar (11 stk i 2024)og låg slaktevekt trekkjer i same lei

Gjennomsnittleg slaktevekt frå 2019 til og med 2024 viser ein reduksjon i slaktevekt for alle kategoriar. I den gjeldande forvaltningsplanen står det at «Ein aukande bestandstettleik fører til auka belastning på sommar- og vinterbeita, som igjen fører til vektreduksjon. Reduserte vekter fører til redusert produktivitet hos yngre dyr. Forsking viser at halvparten av årskollene blir drektig dersom slaktevekta er 50 kilo. Nokre av desse kollene blir verande små. Og det er slik at små koller føder større del med ho kalv enn større koller. Små koller er derfor med på å forsterke den allereie skeive kjønns-samansetninga.» Forvaltningplanen synte i 22 til ein konstatert vektreduksjon. Oppdatert statistikk tyder på at denne reduksjonen held fram.

Gjennomsnittslaktevekter per år (tall i kg)											
Jaktår	Hannkalv		Hunnkalv		Bukk 1 ½ år		Kolle 1 ½ år		Bukk 2 ½ år og eldre		Kolle 2 ½ år og eldre
	Gjennomsnit	Antall	Gjennomsnit	Antall	Gjennom	Antall	Gjennoms	Antall	Gjennomsnit	Antall	Gjennomsnittsvek
2019	28,82	44	27,48	29	49,77	65	44,38	47	83,92	37	59,27
2020	27,6	63	26,84	44	49,99	73	44,47	64	86,13	60	56,81
2021	26,02	53	25,55	62	49,17	78	44,44	78	80,64	47	55,26
2022	26,35	98	25,8	75	48,46	84	43,98	99	79,31	75	58,51
2023	26,87	97	25,52	85	47,29	95	42,33	102	78,58	79	56,47
2024	25,97	100	25,18	73	47,37	57	42,91	68	75,66	50	55,53

Differensiert minsteareal

Fellingsrapportar og fellingsprosent gjev ein god indikasjon på korleis stoda er i dei ulike valda. Dette sett i samanheng med innsende høyringssvar gjev eit godt grunnlag for å ta stilling til korleis tildelinga bør være framover.

Minstearealet vert på den bakgrunnen differensiert i fire ulike minsteareal. Dette vert gjort for å sikre eit framleis høgt jakttrykk der fellingsprosenten er høg, medan område med lågare fellingsprosent får redusert jakttrykk. Dette er eit tiltak for å motverke at vidare reduksjon av bestanden leier til dårlegare bestandssamansetning.

For sone 1, som gjeld valda frå Mjeldalen, med ei grense i sør og aust mot fjellrekka Hæddena, , Hoklane, vidare over Havrådalen og Vindstallane, Såtefjellet over Vedåfjellet og til Storavatnet er det sett eit minsteareal på 135 daa. For nokre vald (16 og 17) representerer dette ein auke og for andre(45 og 48) representerer det ein reduksjon. Sams for valda er at dei har mykje landbruksjord som er halden godt i hevd og som har store beiteskader. Innmarka i dette området grensar for ein stor del mot skog og store fjellområde. Derifrå trekkjer hjorten ned mot innmarka i skjul av skogen. Skogsskadane er også store. Fellingsprosenten i valda er og har vore høg. For fleire av dei over 100%

For sone 2 vert minsteareal sett til 200 daa. Desse valda er spreidd litt kring i kommunen. Det som dei har sams er at dei har hatt ein fellingsprosent over 90 i anten 23 eller 24. Med så høg avskyting er det naturleg å halde jakttrykket oppe til ein får fallande fellingsprosent

som kan indikere færre dyr i terrenget. Høyringsinnspel frå desse valda tyder på vesentlege avlingsskader/-tap i område med mykje aktiv landbruksdrift.

Felles for vald i sone 3 er at det er område med låg avskyting og relativt store areal. Det er låg del aktiv jordbruksdrift i sone 3. Det er difor naturleg å endre desse for å gje meir treffsikker tildeling og ein betre fellingsprosent. Alle desse valda grenser til ein annan og er i same geografiske område.

I Sone 4, som er resten av kommunen, vert minstearealet sett til 400 daa. Det vil gje vald som i dag har for låg fellingsprosent høve til å få ei meir treffsikker avskyting i og betre grunnlag for uttak i tråd med forvaltingsmåla.

Denne endringa er i tråd med gjeldande forvaltingsplan og sikrar at forvaltingsmåla vert oppnådd i høgare grad enn det som har vore tilfelle etter den gamle forskrifta. Den sikrar at valda får ei jakttildeling som gjer at dei har høve til å kunne oppnå fastsette fellingsmål. Det sikrar også ein akseptabel fellingsprosent, både samla og pr vald, i kommunen.

Etter forskrift om hjorteviltforvaltning §7 skal 50 % regelen nyttast ved behov for justering utover det lokal forskrift her slår fast. Vi legg til grunn at det vil kunne verte særskilt aktuelt å treffe vedtak etter denne regelen for Mjeldalen, som no får arealet kraftig redusert, trass avskyting over 100 %.

Andre tiltak for betre bestandssamansetning.

For vald utan godkjente bestandsplanar er det sentralt at kommunedirektøren, vurderer uttak av kjønns- og alderskategoriar. Til dømes kor mykje valda skal få felle av dei beste avlsdyra, til dømes eldre hanndyr. Valda bør oppmodast til å ta ut dei dårlegaste dyra (skrapdyr) først. Kommunedirektøren bør også vurdere om ordninga med kvotefri jakt på kalv skal vidareførast i 2025. I fleire høyringssvar er det tatt til orde for at fri kalveskyting no bør opphøyre.

Tiltak fram mot neste forvaltningsplan

Før mot neste forvaltningsplan er det ynskeleg å få ein tilleggsrapport frå NINA for å sikre oppdatert kunnskap om hjortebestanden og samansetninga av den.

Det er også ynskjeleg at kommunedirektøren vurderer å setje av pengar frå viltfondet til kartlegging av beiteskadar på skog og innmark i ulike område. Til dømes kan det kjøpast inn anleggsgjerde og be bønder i ulike område om å gjerde inn noko av dyrka marka og nokre plantefelt, for å få dokumentert skilnaden på skader frå område med og utan gjerde.

PS 22/25 Gbnr 15/39 Hatland - Søknad om dispensasjon for oppføring av lagerhall - Handsaming av klage

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 22/2025 Gbnr 15/39 Hatland - Søknad om dispensasjon for oppføring av lagerhall - Handsaming av klage:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen sitt vedtak av 27.11.2024 saknr. 83/24 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje.

Saka vert send Statsforvaltaren i Vestland for vidaresending til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 27.11.2024 saknr. 83/24 skal endrast.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 22/2025 Gbnr 15/39 Hatland - Søknad om dispensasjon for oppføring av lagerhall - Handsaming av klage:

Kommunen sitt vedtak av 27.11.2024 saknr. 83/24 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje.

Saka vert send Statsforvaltaren i Vestland for vidaresending til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 27.11.2024 saknr. 83/24 skal endrast.

Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

PS 23/25 Holmane næring - PlanID 46302013004 - Endring av reguleringsføresegn - 1. gongs handsaming

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 23/2025 Holmane næring - PlanID 46302013004 - Endring av reguleringsføresegn - 1. gongs handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Osterøy kommune vedtek at forslag til endring av Reguleringsplan for Holmane Næring – Fotlandsvåg – planID 4630_12532013004, jf. pbl § 12-8, jf. § 12-14, 1. ledd, blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-14, 1. ledd, jf. § 12-10. Som grunngeving for vedtaket vert til vist til saksutgreiing og vurdering under.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 23/2025 Holmane næring - PlanID 46302013004 - Endring av reguleringsføresegn - 1. gongs handsaming:

«Osterøy kommune vedtek at forslag til endring av Reguleringsplan for Holmane Næring – Fotlandsvåg – planID 4630_12532013004, jf. pbl § 12-8, jf. § 12-14, 1. ledd, blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-14, 1. ledd, jf. § 12-10. Som grunngeving for vedtaket vert til vist til saksutgreiing og vurdering under.

PS 24/25 Planprogram for kommunedelplan for vassforsyning og avlaup med med vassmiljø. Vedtak etter høyring.

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 24/2025
Planprogram for kommunedelplan for vassforsyning og avlaup med med vassmiljø. Vedtak etter høyring.:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Planprogram for kommunedelplanar for vassforforsyning og avlaup med vassmiljø vert godkjent.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 24/2025
Planprogram for kommunedelplan for vassforsyning og avlaup med med vassmiljø. Vedtak etter høyring.:

Planprogram for kommunedelplanar for vassforforsyning og avlaup med vassmiljø vert godkjent.

PS 25/25 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 25/2025

Andre saker/spørsmål:

Spørsmål frå Herdis Helle (Ap):

Høyring – kraftverk. Kan kommunen gje høyringssvar til denne? Det er viktig å unngå unødvendig store naturinngrep.

Svar frå kommunalsjef for samfunnsutvikling og kommunalteknikk:

Det må vi kome tilbake til.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 12.03.2025 av sak 25/2025 Andre saker/spørsmål:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.

